



DATO: 30.08.2018, kl 19:30
 MØTE: Styremøte, Hovudstyret
 STAD: Fjordahallen, Kinsarvik

OPPMØTE:	Ivar Tveito Eidnes	(ITE)	Leiar	x
	Hans Jakob Sekse	(HJS)	Nestleiar	x
	Aina Nilsen	(AIN)	Skrivar/ referent	x
	Vidar Bergstø	(VB)	Styremedlem	x
	Bente Putnam	(BP)	Styremedlem	x
	Linda Å. kaland	(LÅK)	Styremedlem	x
	Hanne D. Stamnesfet	(HDS)	Styremedlem	x

NESTE MØTE: Ikkje bestemt
 REFERENT: Aina Nilsen
 MØTENR: 2018-05

HOVUDSTYRE - MØTEREFERAT 30/08-2018

SAK	BESKRIVELSE	MERKNAD
1	<p>Aktivitetsplan: Aktivitetsplan for Fjordahallen: nesten klar, men manglar litt aktivitetar. Måtte flytta om på nokon for å få plass til alle som ynskjer å vera i hallen. Ivar reinskriv og sender ut.</p> <p>Gjekk gjennom trimprogram for idrettskulen for Kinsarvik og Lofthus. Manglar litt vaksne, viktig at det er to vaksne på kvar aktivitet.</p>	
2	<p>Økonomi: Fordeling av kulturmidlar: me tek utgangspunkt i same fordelingsnøkkel som sist, men finn ein litt større sum til sykkelgruppa.</p>	
3	<p>Hardingbilen, status: Bilen fungerer bra, me beheld den ei stund til. Viktig å fylgja opp med service, og den er EU- godkjent. Bilen bør vera forsikra i Gjensidige der dei andre «tinga» er forsikra. Det bør setjast av pengar til ny bil.</p>	
4	<p>Karusell Kinsarvik: Datoar: 10. 17. og 24. september, kl. 18.00. Me må reklamere meir, og senda lappar med heim. Hans Jakob, Vidar og Linda har ansvar for karusellen Aina hjelper til ved behov. (PS: de kan låna mikrofonen til barnehagen.) T- shorter og medaljar til premie. Aina sender ut info til alle borna i bhg og kopierer skriv ut til elevane på Kinsarvik skule.</p>	

5	<p>Heimesida: Hans Jakob informerte litt om at det fins funksjonar som me betalar for, men ikkje brukar. Me bør kanskje ha eit nytt kurs, sidan det første vart mislykka grunna netttproblem. Medlem og faktureringssystem er nokon av det som me betalar for men ikkje benyttar oss av. Høyrer med Aina Irene ang fakturering. Fotballen brukar i dag appen Spond, men det fins ein app i systemet me kunne gått over til. Hans Jakob tek det opp med Terje. Det er lurt å samla flest mogleg funksjonar på ein plass.</p> <p>Verta flinkare til å leggja ut aktivitetar/løp/maraton som medlemmer i Harding il er med på rundt omkring i landet og ellers i verden. Skal oppdatera info om hallen på heimesida.</p>	
6	<p>Sponsoravtaler IL Harding 2019: Det er sett ned ei eigen gruppe: Vidar er med frå hovudstyret, Tor Eivind og ein til frå fotball, og Bente Kristoffersen frå friidrettsgruppa. Bilen har løpande sponsoravtaler, dei går ut no snart. Bilen er litt meir fastlåst med klistremerkene, og me satsar på at dei same sponsorar fortsetter. Bente tek ansvar for dette. Ivar/Vidar kallar inn sponsorgruppa til møte. Bente sender info om dei avtalene som har vore. Treng sponsor til drakter, arenaplakatar på Hordatun, og på nettsida. Kan og vera aktuelle på ulike arrangement. Lurt å laga til ulike «sponsorpakkar»</p>	
8	<p>Diverse saker:</p> <ul style="list-style-type: none">- Jubileum 2019 (21. Oktober). Prøver å få laga ei lita jubileumsbok. Open dag med middag på ettermiddag? Me set saman ei eige arbeidsgruppe. Tenk litt på namn/personar som kan vera med! Ivar sender ut mail til alle undergruppene og ber om forslag.- Harding friluftsliv. Dei har fått postkassar, men det er ikkje kome opp endå. Forslag om å laga til «fossatrimmen» slik dei har munkatrimmen på Lofthus.- Munketreppene opp. Er under kontroll. Hadde håpa på fleire lokale som deltek.- Lagerbua på Hordatun er snart ferdig og vert veldig bra. Rekkverk snart på plass, samt asfaltering.- Tidtakingssystemet: idè at kinsarvik bredbånd tar over? Må gjera noko med dette.	

Aina Nilsen
Skrivar, IL Harding